

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 03.05.2017
Vår ref.: 2016/5225-7
Saksbehandlar: elibjor
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Sunnhordland museum og Stord maritime museum

Vi viser til sak om Sunnhordland museum og Stord maritime museum som var til handsaming i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 22.mars og i Fylkesutvalet 30.mars. Vedlagt er fullstendig saksgang. Eit punkt omfattar kommunane i Sunnhordland, og vi ber difor om at Samarbeidsrådet presenterer saka for kommunane.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Elisabeth Bjørsvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2016/5225-6

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, David Aasen Sandved, Ronny Skaar

Saksframlegg

Saksgang

Sunnhordland museum og Stord maritime museum

Samandrag

Saka gjeld Sunnhordland museum (SM) si oppseiing av samarbeidsavtalen med Stord maritime museum (SMM) frå 1. januar 2017 og Stord kommune sitt kommunestyrevedtak dagsett 16. februar 2017.

Etter fleire år med grunnleggjande usemje mellom driftsstyret Sunnhordland museum og eigarstyret Stord maritime museum, valde driftsstyret med verknad frå og med 1. januar 2017 å si opp samarbeidsavtalen med Stord maritime museum. Økonomi (høge leigekostnader for avdelinga Stord maritime museum) og ulike mål for den museale verksemda ved Stord maritime museum, høyrer med blant årsakssamanhengane. Hordaland fylkeskommune v/fylkesdirektør for kultur og idrett, fylkeskonservator og fagkoordinator for museum, har vore informert om utfordringane og også deltatt på møte for å diskutere ulike alternative løysingar.

I samråd med staten skal Hordaland fylkeskommune som regional styresmakt på museumsfeltet ta ansvar for utforming av museumspolitikken og for finansieringa av dei regionale museumseiningane. I Hordaland er det ti slike konsoliderte einingar. Sunnhordland museum er ei av desse. Museet får årleg driftsstøtte frå stat, fylkeskommune og kommune.

Stord maritime museum har aldri vore eit profesjonelt museum og har dermed ingen direkte relasjon til Hordaland fylkeskommune, verken i form av løyvingar eller fagleg bistand. Gjennom å vere understøtta av sterk friviljug innsats har Stord maritime museum si viktigaste grunngeving i å vere ein del av det lokale kulturlivet og med økonomisk støtte frå Stord kommune. Utfordringar i museumssektoren mellom profesjonelle driftsstyrer og lokale eigarstyrer er elles ei kjent nasjonal problemstilling. Dette kjem mellom anna til uttrykk i fleire av dei regionale evalueringane av museumsreforma.

Etter kommunestyrevedtak 16. februar i Stord kommune fekk partane frist til 15. april for å få på plass eit nytt avtaleverk. I forlenginga av vedtaket inviterte kommunen partane og fylkeskommunen til dialogmøte 2. mars for å diskutere prosessen. Før møtet var det klart at Sunnhordland museum ikkje kom til å delta med utgangspunkt i sitt styrevedtak om opphør av samarbeidsavtalen. Fylkesrådmannen vil følgje prosessen, men vurderer no at partane står for langt frå kvarandre til at det er sannsynleg at ein vil finne ei løysing innan fristen 15. april, jf Stord kommune sitt vedtak.

Forslag til innstilling

- | | |
|----|--|
| 1. | Fylkesutvalet tek til vitande at Sunnhordland museum har sagt opp samarbeidsavtalen med Stord maritime museum frå og med 1. januar 2017. |
|----|--|

2.	Dersom arbeid med ny samarbeidsavtale sett i gong av Stord kommune ikkje fører fram, må Sunnhordland museum og Stord maritime museum styrkast og vidareutviklast som sjølvstendige einingar.
3.	Fylkesutvalet oppmodar kommunane i Sunnhordland til å utvikle gode lokale ordningar for frivilljuge som arbeider med kulturhistorisk samlingsarbeid. Arbeidet må innebere utvikling av nye samarbeidsformer med det profesjonelle museet.
4.	Fylkesutvalet legg til grunn at Sunnhordland museum vert sett i stand til å løyse dei regionale museumsoppgåvene.
5.	Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å gå gjennom drifta av Sunnhordland museum som grunnlag for å vurdere tiltak for ei monaleg styrking og utvikling av organisasjonen.
5.	Fylkesutvalet oppmodar Stord kommune om å støtte Sunnhordland museum med årlege driftstilskot på minst same nivå som i 2016.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.03.2017

May Eva Sandvik (H) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er varamedlem i Sunnhordland museum og har møtt i styret.

Sigbjørn Framnes (Frp) stilte spørsmål om han var inhabil, og viste til PS 29/17 i fylkestinget 07.-08.03.2017 der han søkte om fritak frå verv som styremedlem i Sunnhordland museum.

Representantane gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samrøystes at May Eva Sandvik og Sigbjørn Framnes var inhabile, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e (Sandvik) og § 6, 2. ledd (Framnes).

Mona Røsvik Strømme (H) møtte for May Eva Sandvik i saka.

Sigbjørn Framnes gjekk frå under behandlinga av saka.

Det var 12 representantar til stades.

Olav Kvinge (H) sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

«Alternativ til fylkesrådmannen sitt forslag:

1. Vi forventar at ny samarbeidsavtale sett i gang av Stord kommune fører fram. Fylkesutvalet føreset at begge partar er positive til å kome fram til ein samarbeidsavtale. Fylkesutvalet vil at fylkeskommunen tar ein aktiv rolle for ei god løysing.
2. Fylkesutvalet oppmodar kommunane i Sunnhordland til å utvikle gode lokale ordningar for frivillige som arbeider med kulturhistorisk samlingsarbeid.
3. Fylkesutvalet vil at fylkesrådmannen går gjennom drifta av Sunnhordland museum som grunnlag for å vurdere tiltak for ei vesentlig styrking og utvikling av organisasjonen.»

Geir Kjell Andersland (V) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2:

Dersom arbeid med ny samarbeidsavtale sett i gang av Stord kommune ikkje fører fram, forventar fylkesutvalet at Sunnhordland museum og Sunnhordland maritime museum styrkast og vidareutviklast som sjølvstendige einingar, eventuelt gjennom andre samarbeidsmodellar enn dagens avtale.»

Røysting

Kvinge sitt forslag fekk 4 røyster (H, Frp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1, 3, 4, 5 og 6 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 fekk ingen røyster og fall.

Andersland sitt forslag punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (Frp).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tek til vitande at Sunnhordland museum har sagt opp samarbeidsavtalen med Stord maritime museum frå og med 1. januar 2017.
2. Dersom arbeid med ny samarbeidsavtale sett i gang av Stord kommune ikkje fører fram, forventar fylkesutvalet at Sunnhordland museum og Sunnhordland maritime museum styrkast og vidareutviklast som sjølvstendige einingar, eventuelt gjennom andre samarbeidsmodellar enn dagens avtale.
3. Fylkesutvalet oppmodar kommunane i Sunnhordland til å utvikle gode lokale ordningar for frivilljuge som arbeider med kulturhistorisk samlingsarbeid. Arbeidet må innebære utvikling av nye samarbeidsformer med det profesjonelle museet.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at Sunnhordland museum vert sett i stand til å løyse dei regionale museumsoppgåvene.
5. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å gå gjennom drifta av Sunnhordland museum som grunnlag for å vurdere tiltak for ei monaleg styrking og utvikling av organisasjonen.
6. Fylkesutvalet oppmodar Stord kommune om å støtte Sunnhordland museum med årlege driftstilskot på minst same nivå som i 2016.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.03.2017

Nils Marton Aadland (H) sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

«Alternativ til innstillinga:

1. Vi forventar at ny samarbeidsavtale sett i gang av Stord kommune fører fram. Fylkesutvalet føreset at begge partar er positive til å kome fram til ein samarbeidsavtale. Fylkesutvalet vil at fylkeskommunen tar ein aktiv rolle for ei god løysing.
2. Fylkesutvalet oppmodar kommunane i Sunnhordland til å utvikle gode lokale ordningar for frivillige som arbeider med kulturhistorisk samlingsarbeid.

3. Fylkesutvalet vil at fylkesrådmannen går gjennom drifta av Sunnhordland museum som grunnlag for å vurdere tiltak for ei vesentlig styrking og utvikling av organisasjonen.»

Anne Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 2:

Arbeidet med ny samarbeidsavtale er sett i gang etter initiativ frå Stord kommune. Fylkesutvalet oppfordrar styret i Sunnhordland Museum og Stord Maritime museum om å delta konstruktivt i dette arbeidet.»

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV, A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Nytt punkt 2:

Dersom arbeid med ny samarbeidsavtale sett i gong av Stord kommune ikkje fører fram, må Sunnhordland museum og Stord maritime museum styrkast og vidareutviklast som sjølvstendige einingar.»

Røysting

Aadland sitt forslag fekk 5 røyster (H, Frp) og fall.

Innstillinga punkt 1, 3, 4, 5 og 6 vart samrøystes vedteken.

Njærheim sitt forslag punkt 2 fekk 6 røyster (V, H, Frp) og fall.

Innstillinga punkt 2 fekk 1 røyst (V) og fall.

Oen sitt forslag punkt 2 fekk 9 røyster (SV, A, MDG, Sp, KrF) og vart vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tek til vitande at Sunnhordland museum har sagt opp samarbeidsavtalen med Stord maritime museum frå og med 1. januar 2017.
2. Dersom arbeid med ny samarbeidsavtale sett i gong av Stord kommune ikkje fører fram, må Sunnhordland museum og Stord maritime museum styrkast og vidareutviklast som sjølvstendige einingar.
3. Fylkesutvalet oppmodar kommunane i Sunnhordland til å utvikle gode lokale ordningar for frivilljuge som arbeider med kulturhistorisk samlingsarbeid. Arbeidet må innebere utvikling av nye samarbeidsformer med det profesjonelle museet.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at Sunnhordland museum vert sett i stand til å løyse dei regionale museumsoppgåvene.
5. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å gå gjennom drifta av Sunnhordland museum som grunnlag for å vurdere tiltak for ei monaleg styrking og utvikling av organisasjonen.
6. Fylkesutvalet oppmodar Stord kommune om å støtte Sunnhordland museum med årlege driftstilskot på minst same nivå som i 2016.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett


Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.03.2017

Bakgrunn for saka:

I samråd med staten skal Hordaland fylkeskommune som regional styresmakt på museumsfeltet ta ansvar for utforming av museumspolitikken og for finansiering av dei regionale museumseiningane. Hordaland fylkeskommune har ein tydeleg museumspolitik, mellom anna vedteken som del av «Premiss: Kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025». Med ti konsoliderte museum og eit besøkstal på 750 000 årleg, er dette ein monaleg del av kultursektoren.

Eit overordna mål i museumsreforma på 2000-talet var at større museum skulle bli meir profesjonelle og styrkast både administrativt og fagleg. Sunnhordland har i løpet av åra 2006-2015 opplevd besøksvekst frå rundt 11 500 til over 23 400. Besøkstalet for Stord maritime museum utgjør under ti prosent av besøket i 2015. I fylket er Sunnhordland museum eit av dei mindre, med til saman 10,3 årsverk, men har stor aktivitet og kan vise til 7 utstillingar, 12 konsertar og 25 opne møte i 2015. Stord maritime museum har ikkje faste tilsette. Andre arenaer for Sunnhordland museum er Sunnhordland folkemuseum, Halsnøy kloster, Valen og fleire bygdetun. Tabellen under viser besøkstal 2006-2016 for dei konsoliderte musea i Hordaland. Sunnhordland museum forvaltar mellom anna store og viktige fotosamlingar.

*Besøkstal ved musea i Hordaland*

Etter at det vart teikna samarbeidsavtale mellom Stord maritime museum (SMM) og Sunnhordland museum (SM) i 2004 har Stord kommune løyvd midlar til husleige og drift av SMM. SMM har aldri vore eit profesjonelt museum og har dermed ingen direkte relasjon til Hordaland fylkeskommune, verken i form av løyvingar eller fagleg bistand. Gjennom å vere understøtta av sterk friviljug innsats har SMM si viktigaste grunngeving i å vere ein del av det lokale kulturlivet.

Etter fleire år med grunnleggjande usemje mellom driftsstyret Sunnhordland museum og eigarstyret Stord maritime museum, valde driftsstyret med verknad frå og med 1. januar 2017 å si opp samarbeidsavtalen med Stord maritime museum. Økonomi (høge leigekostnader for avdelinga Stord maritime museum) og ulike mål for den museale verksemda ved Stord maritime museum, høyrer med blant årsakssamanhengane. Hordaland fylkeskommune v/fylkesdirektør for kultur og idrett, fylkeskonservator og

fagkoordinator for museum, har vore informert om utfordringane og har delteke på fleire møte for å drøfte ulike løysingar.

Handsaming i Stord kommune:

Stord kommune har følgd situasjonen over lengre tid og arbeid for å løyse den krevjande konflikten til beste for partane. På kommunestyremøtet 16. februar vart gjort følgjande vedtak:

1. *Stord kommunestyre verdset det arbeidet som Sunnhordland museum og Stord maritime museum gjennom mange år har gjort for å ta i vare regionen sin maritime kulturarv og vil leggje til rette for ei vidareføring av arbeidet til beste for partane.*
2. *Stord kommunestyre legg til grunn at Sunnhordland museum og Stord maritime museum bør styrkast og vidareutviklast. Det må teiknast ny avtale som regulerer fagleg og administrativt samarbeid. Partane får frist til 15. april med å få på plass eit nytt avtaleverk.*
3. *Dersom partane ikkje lukkast eller ønskjer å vidareføra samarbeidet legg kommunestyre til grunn at eventuell avvikling av samlinga vet finansiert over tilskotet til Sunnhordland museum. Kommunestyret held attende kr 520 000 av tilskotet til Sunnhordland museum for 2017 for å finansiera kostnader med Stord maritime museum.*
4. *Stord kommunestyre ber om at rådmannen tek kontakt med Hordaland fylkeskommune for samarbeid om utvikling av det konsoliderte Sunnhordland museum som ansvarsmuseum for maritim kulturarv. Vidare prosess bør avklare organiseringa av samarbeidet med lag og organisasjonar i Sunnhordland.*
5. *Stord kommunestyret oppfordrar til at det vert oppretta ei referansegruppe for Stord maritime industrimuseum med representantar frå Sunnhordland museum, Stord maritime museum, Stord kommune, Hordaland fylkeskommune og Samarbeidsrådet for Sunnhordland.*

Fylkesrådmannen vil difor følgje prosessen fram til 15. april. Kultur- og idrettsavdelinga vart invitert til dialogmøte mellom partane den 2. mars av Stord kommune. Før møtet var det klart at Sunnhordland museum ikkje kom til å delta med utgangspunkt i styrevedtaket om opphør av samarbeidsavtalen. Sunnhordland maritime museum var til stade.

Vurdering:

Fylkesrådmannen ser det slik at Stord maritime museum først og fremst er eit kommunalt ansvar, sjølv om ein gjennom det friviljuge arbeidet har ivareteke verdifulle kulturhistoriske samlingar og lagt ned mykje godt dugnadsarbeid til beste for samfunnet. Ein er difor nøgd med at det vert teke tydelege kommunale initiativ i saka.

Det regionale omsynet gjeld først og fremst Sunnhordland museum.

Med grunnlag i møta etter kommunestyret sitt vedtak vurderer fylkesrådmannen at partane no står for langt frå kvarandre til at det er sannsynleg at prosessen vil føre til ei løysing innan Stord kommune sin frist 15. april. Etersom saka vedkjem ein institusjon med regionale oppgåver og ansvar er det difor tenleg at ein tek saka opp til politisk handsaming i fylkeskommunen no.

Driftsstyre vs eigarstyre

Utfordringar i musea mellom profesjonelle driftsstyrer (td Sunnhordland museum) og lokale eigarstyrer (td Stord maritime museum) er ei velkjent nasjonal problemstilling. Dette kjem mellom anna til uttrykk i regionale evalueringane av museumsreforma som er publisert (Rogaland og Akershus fylkeskommunar). Hausten 2016 kom arbeidet med evaluering av museumsreforma i Hordaland i gang. Agderforskning AS

gjennomfører undersøkinga. Eit hovudtema er nettopp tilhøve mellom driftsstyre og eigarstyre. I den politiske saka (PS 180/2015, møte i KIRU 11.11.2015) står mellom anna dette:

«Organisatorisk vil undersøkinga særleg måtte fokusere på tilhøve mellom eigarstyre og driftsstyre. Dei ti musea i Hordaland er stiftingar. Det inneber mellom anna større lokal autonomi og råderett gjennom eigarstiftingar. Ei kjelde til spenning er såleis mellom eigarstyre og driftsstyre. Eigarstyre kan ønske større moglegheit til å påverke drifta. Museumsleiarar i Hordaland har uttrykt at ei slik todeling kan vere anstrengande og vanskeleg for å oppnå ei effektiv drift.»

Fylkesrådmannen ser situasjonen i Sunnhordland som del av eit større bilete som også vedkjem fleire museum. Men, sjølv om konflikten mellom SM og SMM med omsyn til rolleoppfatning på mange måtar ikkje er uvanleg, så har denne konflikten hatt ressursmessige konsekvensar som ikkje tener den museumsfaglege utviklinga og forvaltninga si forventning til bruk av offentlege midlar. Leigeutgiftene til Stord maritime museum overstig det som kjem inn i kommunalt tilskot. Etter opplysningar frå Sunnhordland museum er underfinansieringa på omlag 250 000 kr kvart år. Dette har konsekvensar for dei kulturpolitiske intensjonane bak statlege og fylkeskommunale løyvingar og gjer at desse delvis må nyttast for å finansiere eit lokalt føremål. Situasjonen vil vere svekkjande for museet og føre til at ein ikkje er i stand til å løyse andre viktige museumsoppgåver.

Museum vs friviljuge

Del av den vedtekne regionale museumspolitikken gjeld musea og deira kontakt og møte med friviljuge. I Sunnhordland museum sitt ansvarsområde (Stord, Fitjar, Bømlo, Austevoll, Tysnes, Kvinnherad, Sveio og Ølen) er det etter måten svært mange lag og foreiningar som driv med kulturhistorisk samlingsarbeid. Ein god del av desse arbeider med maritim industrihistorie. For å støtte betre opp under desse ressursane vil tenlege samarbeidsmodellar med Sunnhordland museum vere avgjerande. Dette vil vere eit gode for alle Sunnhordlandskommunane.

Den pågåande konflikten kan peike på behovet for mindre formelt samband mellom det profesjonelle museet og dei friviljuge enn det som er tilfellet med SM og SMM. Fylkesrådmannen vil vise til tilhøvet mellom Museum Vest og Kystkultursenteret i Sandviken i Bergen som ein mogleg modell. I ei slik organisering har det profesjonelle museet berre ei rådgjevande rolle, medan det friviljuge organisasjonslivet har ein sjølvstendig posisjon.

Dersom ein legg tilsvarande modell eller likande til grunn vil ivaretaking av maritim industrihistorie i Sunnhordland kunne skje gjennom frivillig innsats knytt til motorsamlingar oa. Meir heilskapleg formidling, med utgangspunkt i geografi og bredde i tema (digital formidling, artiklar, utstillingar og foredrag) vil vere eit ansvar for det profesjonelle museet. Felles tiltak og arrangement etc. mellom profesjonelle og frivillige kan vekse fram i ein slik ny modell etter det som høver i kvart tilfelle.

Behov for styrking av det regionale museet:

Saka har peikt på behovet for å styrkje Sunnhordland museum som organisasjon. Det er mellom anna liten tvil om at konflikten har gått ut over løysinga av andre museumsoppgåver. Heilt uavhengig av utfallet av prosessen er det viktig at museet får rom til å utvikle det faglege arbeidet, slik at intensjonane bak dei statlege og fylkeskommunale løyvingane vert oppfylt.

Fylkesrådmannen vil oppmode Stord kommune om å oppretthalde dei økonomiske løyvingane til Sunnhordland museum, sjølv om museet ikkje lenger vil ha ein samarbeidsavtale med Stord maritime museum. Sunnhordland museum er ein aktiv og synleg kulturinstitusjon med viktige oppgåver i arbeidet med å ta vare på og formidle Sunnhordland regionen si historie, også innan maritim industrihistorie. Som vertskapskommune bør Stord ta medansvar for dette.

Hordaland fylkeskommune bør ta stilling til ei monaleg auke av tilskota til museet. Fylkesrådmannen meiner at dette bør gjerast etter ein nærare gjennomgang av drifta ved institusjonen og vil evt fremje eiga sak om aktuelle tiltak.

